



Kommunane i Vestfold og Telemark
Att.: Kommunedirektørane

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marita Bruun, 35 58 62 68

Tildeling av landbruksrelatera tilskot til kommunane i Vestfold og Telemark fylke 2021

- Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK og NMSK veg)
- Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)
- Drenering
- Tiltak i beiteområde
- Utvalde kulturlandskap (UKL)

Bakgrunn

I samsvar med Reglement for økonomistyring i staten (ØR) og tildelingsbrevet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, skal Statsforvaltaren gje belastingsfullmakt til kommunane for tilskotsordningar der kommunen har mynde til å gjere vedtak.

Reglement for økonomistyring i staten og kontroll

Statlege tilskot er eit viktig økonomisk verkemiddel for å nå politiske fastsette mål. Det følger at reglement for økonomistyring i staten § 2, at verksemder som forvaltar tilskot på vegne av staten skal følge reglement og bestemningar for økonomistyring i staten. Statsforvaltaren lagar kvart år ein risikobasert kontrollplan for kommunale forvaltningskontrollar. Vi vil om kort tid gjere kjent for dykk i eit eige brev kva for ordningar som skal kontrollerast i kva for ein kommune. I desse kontrollane er nettopp målet vårt å sjå til at tilskotsordningane handsamast i kommunane etter gjeldande regelverk og at kommunen har utarbeid internkontroll som sikrar dette. Kravet om internkontroll og utarbeidde internrutinar for dei ulike ordningane som kommunen har ansvar for, kjem til å bli eit viktig punkt i våre forvaltningskontrollar i 2021.

Landbruksavdelinga hos Statsforvaltaren gjev fullmakt innafor Landbruks- og matdepartementet sitt område.

Heimel for forvaltningsansvaret til kommunane finnast i desse forskriftene:

- Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket – FOR-2004-02-04-447, sist endra FOR 2017-10-04-1583
- Forskrift for tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket – FOR-2004-02-04-448, sist endra FOR-2019-12-20-2139



- Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord – FOR-2013-06-25-769, sist endra FOR-2018-12-19-2164
- Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder – FOR-2013-02-04-206, sist endra FOR-2017-10-03-1582
- Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyene og Vestnorsk fjordlandskap – FOR-2019-12-18-2024

Tildeling til kommunane 2021

Kommune (alfabetisk)	Skogsveger, Taubane oa., NMSK veg	Skogkultur, NMSK	Spesielle tiltak i jordbrukets kulturlandskap, SMIL	Drenering	Tiltak i beiteområde	Utvalde kulturlandskap, UKL
Bamble	480 000	200 000	50 000	200 000	0	
Drangedal	840 000	350 000	75 000	50 000	0	
Fyresdal	40 000	250 000	100 000	100 000	140 000	
Færder	15 000	30 000	100 000	150 000	0	700 000
Hjartdal	81 000	150 000	150 000	100 000	40 000	1 160 000 *
Holmestrand	40 000	700 000	600 000	750 000	0	
Horten	15 000	50 000	350 000	600 000	0	
Kragerø	40 000	60 000	75 000	50 000	0	600 000
Kviteseid	47 000	240 000	75 000	100 000	40 000	
Larvik	400 000	1 200 000	1 300 000	1 400 000	40 000	
Midt-Telemark	162 000	300 000	525 000	800 000	40 000	
Nissedal	40 000	240 000	75 000	50 000	40 000	
Nome	475 000	450 000	350 000	400 000	0	
Notodden	950 000	700 000	150 000	50 000	0	
Porsgrunn	15 000	100 000	50 000	100 000	0	
Sandefjord	500 000	1 000 000	1 400 000	1 500 000	0	
Seljord	40 000	70 000	150 000	50 000	40 000	
Siljan	150 000	220 000	50 000	100 000	0	
Skien	860 000	700 000	500 000	500 000	0	
Tinn	340 000	250 000	150 000	50 000	40 000	
Tokke	720 000	120 000	150 000	100 000	40 000	
Tønsberg	300 000	500 000	1 550 000	2 500 000	0	
Vinje	100 000	120 000	225 000	100 000	40 000	
Totalsum	6 650 000	8 000 000	8 200 000	9 800 000	500 000	2 460 000
Tildelt av LDir 2021	7 700 000	8 600 000	8 000 000	6 000 000	500 000	2 360 000
Overført frå 2020	904 500	252	763 920	5 091 975	29 564	149 949
Samla ramme	8 604 500	8 600 252	8 763 920	11 091 975	529 564	2 509 949
Ikkje fordelt	1 954 500	600 252	563 920	1 291 975	29 564	49 949**

*Tildeling av UKL-midler gjeld Hjartdal/Seljord

** Midla er heldt att til fellestiltak og møtearrangement for alle områda. Dersom det i 2021 ikkje er mogleg å arrangere fysiske treff eller midlane ikkje vert nytta til felles tiltak, vil midla kunne delast ut til områda.



Ved trong for meir tilskotsmidlar

Det er mogleg for kommunane med låg tilskotstildeling å søke om tilleggsløyving gjennom året frå den ikkje fordelte ramma. Trongen for midlar må vere godt grunngjeve.

Rapportering

10. november er frist for kommunane til å melde om prognose for beløp som vil innvilgast ut året for alle tilskotsordningane. Samstundes skal kommunane melde inn samla behov for midlar for neste år. Etter 10. november vil Statsforvaltaren på nytt fordele gjenståande midlar slik at mest mogleg av fylket sine tildelte midlar blir brukt. Ubrukte midlar i kommunane vil bli trekt inn på slutten av året.

Viktig informasjon om dei ulike ordningane med spesifikke føringar og fristar

Tilskot til skogsvegar og taubane, hest o.a.»

Kommunane fekk frå 01.01.2020 ansvaret for tilskottsforvaltninga for skogsvegar og drift med taubane, hest o.a.

I tildelingsbrevet datera 20.12.2020 nemner KMD at Statsforvaltaren i 2021 skal bidra gjennom opplæring, rettleiing og informasjon til at kommunane tek vare på forvaltninga av tilskot til skogsvegar og til drift med taubane, hest o.a.

Statsforvaltaren fordeler nå ca. 80 % av midlane tildela fylket og vil gjere fordeling av attståande del på grunnlag av meldingar frå kommunane om trong for ekstra midlar til tiltak. Ved tildeling av ekstra midlar vil Statsforvaltaren prioritere kommunar med tiltak som er venta å setjast i gang i løpet av 2021. Ved fordeling av midlar til kommunane har Statsforvaltaren lagt vekt på kommunane sine innmeldte behov for tilskot til skogsvegar i 2021, registrerte søknader om tilskot i ØKS og tiltak for bygging og ombygging av skogsvegar registrert i Vegbanken i ØKS.

Statsforvaltaren forutsett at kommunane prioriterer tilskot til tiltak ut frå sine overordna fastsette retningslinjer for tilskot til skogsvegar.

Tilskot til skogkultur

I tildelingsbrevet for 2021 til Statsforvaltaren frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, er ein eigen del av NMSK-midlane sett av til skogkultur, miljøtiltak og andre tiltak. Statsforvaltaren skal bidra til at kommunane forvaltar dei økonomiske verkemidla i skogbruket effektivt og i samsvar med regelverket. Nærare informasjon om sakshandsaming og fristar vert gitt i kompetansesamlingar.

Kommunane skal fastsette retningslinjer for prioritering av søknader og tilskotssatsar i dialog med næringsorganisasjonane i skogbruket lokalt og Statsforvaltaren. Vi ber om at kommunane prioriterer ungsogpleie. Kommunen sine retningslinjer skal offentleggjerast. Tilskotssatsane skal meldast til Statsforvaltaren så snart som mogleg, og innan 31. mars 2021.

Kommunane skal utarbeide risikobasert kontrollplan og gjennomføre sakshandsaming og feltkontrollar slik det er forklart i rettleiing frå Landbruksdirektoratet (Veileder 01:2019).

Det var stor skogkulturaktivitet i fylket i 2021. Nokre kommunar har eit etterslep av søknader som det ikkje var tilskotsmidlar til å innvilge i 2020. Det er teke omsyn til det ved tildelinga for 2021.

Tildelinga er elles basert på ungsogpleieaktiviteten i kommunane i perioden 2017-2020.

Statsforvaltaren held att 600 000 kroner for å kunne gje ekstratildeling etter søknad frå kommunane.



Ved ekstratildeling vert det lagt vekt på kommunane sine retningslinjer for prioritering av søknader og tilskotssatsar.

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Føringar i brevet frå landbruksdirektoratet for 2021:

- Kommunane skal ha lokale retningslinjer for SMIL der skildringar av miljøutfordringane og prioritering av miljøtiltak kjem fram
- Kommunane skal prioritere tiltak med god miljøeffekt
- Hydrotekniske tiltak skal prioriterast i vassområde med stort behov av omsyn til avrenning, ressursbevaring, matproduksjon mm.
- Klimatilpassing, som hydrotekniske tiltak, skal prioriterast der behova er store
- Tiltak for ville pollinerande insekt og trua natur bør òg vektleggast
- Statsforvaltaren har høve til å endre fordelinga av ikkje brukte midlar mellom kommunane gjennom året i dialog med dei aktuelle kommunane
- Kommunar med god gjennomføringsevne og der måla vert nådd, skal prioriterast

Rammer for 2021

Den tildelte økonomiske ramma til Vestfold og Telemark er stram. Fylket er tildelt 8 mill. kr i friske midlar. Det er sendt bekymringsmelding til landbruksdirektoratet pga. dei stramme rammene. Tildelingane til kommunane for 2021 er derfor mykje lågare enn i 2020.

Statsforvaltaren fordeler midlar til kommunane basert på gjennomføringsevne, oppnådde resultat, areal og omfang av tiltak og innmelde behov.

Påminningar om forvaltninga

- Kommunane skal fatte vedtak, følge opp arbeidsfristar og gjere utbetalingar i fagsystemet Agros
- Kommunen sitt vedtak må innehalde tydelege skildringar av tiltaket, korleis tiltaket skal gjennomførast og alle vilkår sett til tilskotet
- SMIL-tilskot skal gå til nye tiltak, og tiltaket må ikkje vere påbyrja eller gjennomført

Vi minner om desse tilskotsordningane til verneverdige bygningar:

- Tilskot til verneverdige kulturminne – Vestfold og Telemark fylkeskommune
Lenke: <https://www.vtfk.no/meny/tjenester/kultur/kulturarv/tilskudd2/>
- Tilskot til kulturminne – Kulturminnefondet
Lenke: <https://kulturminnefondet.no/jeg-skal-soke/>

Tilskot til drenering av jordbruksjord:

Rundskriv 2019-15 frå Landbruksdirektoratet gir utfyllande informasjon til forskrifta.

Sakshandsamarsystemet Agros skal nyttast. Tiltaka bør skildrast så godt som råd er; kven som skal gjere arbeidet, grøfteavstandar, grøftedjupne, type filtermateriale, mengd filtermateriale, filterrør m.v. Kommunen må sjå til at alle opplysningane er fylde ut. Opplysningane vert nytta i kontrollarbeid og som grunnlag for statistikk.

Tilskot til tiltak i beiteområde

Ordninga gjeld i hovudsak beitelag, sankelag og liknande. Einskilde brukarar kan og søkje dersom det ikkje er andre beitebrukarar i nærleiken.



Det er løyvd kr 500 000 til ordninga for 2021. Av det skal minst 28 % av midla i fylket prioriterast til teknologi. Særs mange ynskjer midlar til teknologi (find my sheep, Nofence og liknande) og midla blir raskt bruka opp. Vi oppmodar kommunane om også å prioritere tilskot til andre tiltak (sankekveer, klopp og liknande).

Sjå også Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2019-045 «Forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder» som fyller ut forskrifta om forvaltninga av tilskotet.

Alle kommunane skal lage retningsliner, sette søknadsfrist og gjere ordninga kjend (til dømes på kommunen si heimeside).

Utvalde kulturlandskap

Landbruksdirektoratet ber Statsforvaltaren legge vekt på følgande ved fordeling til områda:

- gjennomføringsevne, framdrift og oppnådde resultat i områda
- områda sin storleik i areal, omfang av tiltak og tal på eigarar/drivarar
- variasjonar i høve frå år til år, saman med omsyn til det å vere føreseieleg og ha kontinuitet
- områda sine forvaltingsplanar
- realistiske budsjettforslag/kostnadsoverslag
- at det einskilde område over tid på ein balansert måte dekker opp forhold knytt til alle deltema omfatta av formålet med ordninga: ivaretaking av kulturlandskap, biologisk mangfald og kulturmiljø, og danne grunnlag for landbruksbasert næringsutvikling.

Statsforvaltaren og anna regional forvaltning har eit overordna ansvar for å bidra til heilskapleg innsats for å ta vare på landskap, biologisk mangfald, kulturhistorie og jordbruksdrift. Tiltak og aktivitet må dekke opp under alle innsatsområda og i tråd med målsettinga til UKL ordninga.

Statsforvaltaren vurderer at 2020 var eit mellomår for kommunane ved overtaking av forvaltninga av ordninga. Samstundes ser vi at kommunane har organisert arbeidet og kome godt i gong med forvaltninga. For 2021 vil Statsforvaltaren følgje opp at overordna planar er på plass i områda, det er særleg forvaltningsplanar for områda som vil ha ei særleg oppfølging. Desse må vere oppdaterte og være eit relevant avgjerslegrunnlag for å nå målsettingane med ordninga. Vi ber kommunane prioritere dette i sitt arbeid og sette av administrative kostnader til å gjennomføre ein slik revisjon. Dette vil og vere fokus på samlingar gjennom året.

Statsforvaltaren vil følge med på forbruket av middel i kommunane og sørge for ei forvaltning av midla som fremmar aktivitet. Statsforvaltaren har høve til å fordele ubrukte middel mellom kommunane i løpet av året. Ei slik fordeling må skje i dialog med dei aktuelle kommunane, og Statsforvaltaren må gjere endringar i budsjettfullmakter skriftleg til kommunane. Ubrukte middel vil blir trekt inn att ved nyttår og lagt til den sentrale potten i fylket.

Med helsing

Helge Nymoene (e.f.)
Landbruksdirektør

Marita Bruun
ass. direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakarliste:

Kviteseid kommune	Kviteseidgata 13	3850	KVITeseID
Nissedal kommune	Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
Færder kommune	Postboks 250	3163	NØTTERØY
Notodden kommune	Postboks 193	3672	NOTODDEN
Porsgrunn kommune	Postboks 128	3901	PORSGRUNN
Holmestrand kommune	Postboks 312	3081	HOLMESTRAND
Kragerø kommune	Postboks 128	3791	KRAGERØ
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE
Sandefjord kommune	Postboks 2025	3202	SANDEFJORD
Seljord kommune	Brøløsvegen 13 A	3840	SELJORD
Drangedal kommune	Gudbrandsvei 7	3750	DRANGEDAL
Bamble kommune	Postboks 80	3993	LANGESUND
Fyresdal kommune	Klokkehamaren 6	3870	FYRESDAL
Tinn kommune	Postboks 14	3661	RJUKAN
Horten kommune	Postboks 10	3191	HORTEN
Nome kommune	Ringsevja 30	3830	ULEFOSS
Tønsberg kommune	Postboks 2410	3104	TØNSBERG
Hjartdal kommune	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Larvik kommune	Postboks 2020	3255	LARVIK
Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMARK
Siljan kommune	Postboks 16	3749	SILJAN
Skien kommune	Postboks 158	3701	SKIEN

Kopi: Landbruksdirektoratet, postmottak@landbruksdirektoratet.no